

Interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om dagsturhytter i Hordaland

Prosjektet med dagsturhytter i Sogn og Fjordane har vore ein suksess og bidreg til auka fysisk aktivitet. Fleire har òg teke til orde for dagsturhytter i Hordaland. På fylkestinget 5. mars 2019 vart det stilt spørsmål om dagsturhyttene, fleire ytra seg positiv til prosjektet, her også fylkesordføraren. Senterpartiet er særslig begeistra for prosjektet og ynskjer dagsturhytter her i Hordaland. Etter vår meining vil det bidra til auka bruk av naturen og betre folkehelse.

I svaret som vart gitt i fylkestinget i mars trekte fylkesordføraren fram at ein må få på plass finansiering, mellom anna gjennom samarbeid med eksterne aktørar, for å få til ei liknande ordning i Hordaland. Senterpartiet ynskjer å starte opp arbeidet med å få på plass finansiering slik at det er mogleg å realisere dagsturhytter i Hordaland så snart som mogleg. Me kjenner til at Sparebanken er positiv til å delfinansiere hyttene i Hordaland også, og dersom fylkeskommunen går inn med 2,5 millionar, og kommunane tek resten, så er ordninga fullfinansiert som i Sogn og Fjordane. Senterpartiet vil difor tilrå at 2,5 mill. av mindreforbruket i fylkeskommunen i 2018 vert sett av til føremålet.

Senterpartiet har difor desse spørsmåla til fylkesordføraren:

1. Vil fylkesordføraren ta kontakt med Sparebanken for å få etablert eit samarbeid om dagsturhytter i Hordaland? Kva andre aktørar ser ho føre seg som aktuelle samarbeidspartnarar for å kunne realisere dagsturhyttene?
2. Vil fylkesordføraren støtte å setje av delar av mindreforbruket i 2018 til et dagsturhytteprosjekt i Hordaland?
3. Kva for prosess ser fylkesordføraren føre seg vidare for å kunne starte opp eit dagsturhytteprosjekt i Hordaland?

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget i Hordaland er positivt til å etablere dagsturhytter i Hordaland og ber administrasjonen leggje fram sak til politisk handsaming så raskt som mogleg.

Bergen 05.06.19

Alexander Fosse Andersen
Hordaland Senterparti